

Fra: Jan Walleraunet[walleraunet1@gmail.com]  
Sendt: 14.02.2023 19:00:55  
Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]  
Tittel: Dispensasjon frå byggegrense i reg.plan for Saghaugen.

?Klage på delegert dispensasjon og igangsetjingsløve- eitt trinnsøknad-delegert vedtak. Saksnr. 2022/ 151. Delegert vedtaksbrev. 2023/14.

Underteikna klager på at Kvinnherad kommune/avd.byggesak og geodata går inn for å gje dispensasjon frå byggegrense i reg.plan for Saghaugendeler av gnr.153 og 154 for plassering av terrengmur, intern tilkomst veg og plassering av framtidig garasjer i tilknytning til oppføring av tomannsbolig søkt om 15-9-2022.

Dispensasjonen grunnes i at det ikkje er i strid med intensjonen i reg.plan frå 1978. Auken i arealbruk av tomter i Slettestølen var ikkje å auke storleiken på bustadhus, men å gje utbyggjarar høve til å sette opp garasjer, vinterstover o.l. Fordi slike søknader var ressurskrevjande for byggeavdelingen på den tiden. ( sakasnr. 20147/ 41) At kommunen har tolket vedtaket seinare som fritt fram for å bygge større bustader får stå for eigna feilgrep.

Likeeins er dispensasjonen gitt etter ordlyden fordelene er større enn ulempene etter ei samla vurdering. Dette er tydelig det sams mantra til sakshandsamer og tiltakshaver. Dispensasjonene er større for utbyggjar enn dei ulempene tiltaket gjev for naboane/samfunnet. Sant nok. Men ettersom verken sakshandsamer eller tiltakshandsamer nokon gong har snakka med underteikna så er det ein nokså drøy påstand. Her trekkjast omgrepet samfunn inn. Eit samfunn har geografiske grenser og kan innehalde ei ulik mengde menneske med sams språk og med ein/fleire kulturar. Det kan og verre eit lite geografisk område med få menneske og motsett.

Samfunnet i dette tilfelle er klagerne på saksnr. 2022/151. Og ulempene i dette tilfelle er tydelige for oss og fordelene for tiltakshaver gagnar oss ikkje. Samfunnet har eit bomiljø. Og ein tomannsbolig med potensielt fleire menneske enn ein einebolig tilfører ikkje bomiljøet anna enn auka ferdsel og aktivitet i eit begrensa geografisk rom. Rom som er inneklemt og trangt frå før av . Soneplanen for Sunde peikar kommunen sjøl på ulempen med med t.d. konflikten mjuke trafikanter/biltrafikk i boligfeltet. Då hjelper det ikkje med nye tomannsboliger.

Som sakshandsamer viser til frå uttale frå sivilombudsmannen-1997-80 skal vesentlige fråvikelsar frå reg.plan vurderast i høve til forholdene i boligområdet. Og det er tilhøvet i boligområdet naboene/underteikna meiner ikkje gjev grunnlag for dispensasjon frå reg.plan. Altså ein klår ulempe for nabosamfunnet. Og permanent sådan.

Syner og til granneloven§ 2. Det skal takast ventelig omsyn til framtida for ein etablerer i eit boligfelt. Og her var ikkje tomannsbolig ein kunne rekne med på omsøkte tomt. I følge granneloven § 2 syner ein til at bygging av hus kan verre urimelig når det fører til ei monaleg forverring av brukstilhøva for ein avgrensa krins av naboar. Dette er og stadfesta av

Høgsterett kor det presiseres at kvar einskild ulempe ikkje skal vurderast isolert, men det er den kumulative effekten som er avgjerande. Tolking frå R1-1983-151 og R1-1983-329.

Underteikna vil og minne om at kommunen har ein kontrakt med etablerarar om at kjøpt tomt skal verre ferdigstilt etter fire år. Sakshandsamer har tidlegare forklart at denne kan avhendas av kommunens eiendomsforvalter. Litt merkeleg at ein i det heile har med ein slik kontrakt når kommunen ikkje stiller etablerar til ansvar. Vi andre i boligfeltet har måtte forholde oss til nemde kontrakt. Spørsmålet er om dette er juridisk gangbart.

Som klagar oppretthalde vi alle innvendte innvendinger i naboprotester i denne byggesaksbehandling. (2021/213). Se også e-post frå underteikna frå 3-8-22 sent Teigen bygg og Kvinnherad kommune.

Denne klagen på søknad om dispensasjon frå Kvinnherad kommune skal sendast inn t il Statsforvalteren for vidare vurdering.

Anne Britt Bjelland  
Jan Inge Walleraunet

Sendt fra min iPad